


Vågå kommune
Landbrukskontoret for Sel og Vågå



Forvaltningsplan for Nordherad
- utvald kulturlandskap i jordbruket

Revidert 2021

Revidert av Vågå kommune mars. 2021

Fotograf svartkvittbilete på framsida: H. H. Lie (bruksrett Maihaugen)

Fotograf alle andre bilete: Stig Horsberg

Føreord

Nordherad er eitt av 46 nasjonalt utvalde kulturlandskap. Nordherad fekk denne statusen i 2009. Som utvald kulturlandskap skal Nordherad ivareta landskapsverdiane gjennom eit frivillig samarbeid mellom grunneigarar og staten, med hjelp av årlege, øyremerka midlar. Planen beskriv status for miljøverdiane og jordbruket, mål og aktuelle tiltak og korleis forvaltninga er organisert.

Erfaringane i Nordherad har vore gode i dei åra som har gått sidan det vart eit utvald kulturlandskap. Mange viktige kulturlandskapstiltak har vorte gjennomførte, og eit fleirtal av jordbruksføretaka i grenda har oppretta avtalar om årlege tilskott til drift og skjøtsel. Det har i hovudsak vore ei positiv haldning blant grunneigarane til arbeidet. Aktiv jordbruksdrift med beitedyr er fundamentet for å ta vare på kulturlandskapet i grenda, og dette er tydeleg omtala i denne planen, på line med dei store natur- og kulturhistoriske verdiane.

Denne forvaltningsplanen er ei revidert utgåve av planen for 2016 - 2020. Planen er oppdatert med tanke på ny oppgåvefordeling og overføring av ansvar frå Statsforvaltar til kommune. Forvaltningsplanen skal vera styrande for kva tiltak og prosjekt som bør prioriterast i åra som kjem. Forvaltningsplanen bør reviderast innan 5 år.

Innhald **MÅ Revideres...**

Innleiing.....	5
Status for området	6
Verdiar	7
Naturverdiar	7
Kulturminneverdiar	9
Heilskapleg landskapsverdi	9
Kontinuitet og tidsdjup.....	10
Representativitet og særpreg.....	10
Formidlingsverdi.....	10
Jordbruk og busetting i Nordherad	12
Areal, eigedommar og innbyggjarar.....	12
Jordbruksdrift	12
Allmenning og utmarksbruk	13
Driftshistorie.....	13
Spesielle utfordringar	14
Overordna føringar.....	16
Heilskapleg perspektiv.....	16
Prinsipp for skjøtsel.....	16
Mål for området	17
1. Eit berekraftig og moderne jordbruk som held jordbruksarealet i aktiv drift.....	17
2. Bygningsmassen er i tilfredsstillande stand og aktiv bruk	18
3. Tilfredsstillande omsyn til og skjøtsel av biologisk mangfald, landskapsbilete og fellesareal	19
4. Ferdselsårer og eit representativt utval kulturmiljø i god stand og lagt til rette for ålmenta	20
5. Ei variert, lokal næringsverksemd som utnytter og utviklar kulturlandskapsverdiane.....	21
6. God profilering og dokumentasjon av det utvalde kulturlandskapet	22
7. God lokal mobilisering, organisering og utvikling av grenda	23
Forvaltning.....	24
Økonomiske verkemidlar	24
Andre verkemidlar.....	24
Oppgåver, lokal organisering og ansvarsfordeling.....	25
Handlingsplan	26
Resultatmåling og rapportering	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Forskjellige oppgåver	27
Kommunikasjon mellom forvaltninga og området	27
Kompetanseutvikling, vegleiing og kvalitetssikring.....	27

Innleiing

Nordherad vart i 1993 pekt ut som eitt av 13 nasjonalt verdifulle kulturlandskap i Oppland på grunnlag av kulturhistoriske og naturfaglige verdiar¹². Naturkvalitetane er av internasjonal verdi - det ekstremt nedbørfattige klimaet og dei spesielle jordbotnstilhøva gir grunnlag for ein artsrik "steppevegetasjon" der særlig førekomstane av sjeldne lavartar er unik. I tillegg har Nordherad Noregs tettaste samling av freda landbruksbygningar, i tillegg til ein lang rekke bevaringsverdige bygningar som ikkje er freda. Frå ca. 2000 har det vore drive eit aktivt arbeid av det grunneigarstyrte «Nordheradsprosjektet» for å ta vare på natur- og kulturverdiene og grendemiljøet og drive utviklingsarbeid i bygda.

I 2009 vart Nordherad peika ut av Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet som eitt av 20 (no 46) utvalde kulturlandskap i jordbruket i Norge³ (UKL). Dette er særlig verdifulle jordbrukslandskap som representerer forskjellige typar landskap og der det er eit stort lokalt engasjement for å ta vare på landskapsverdiene⁴. Statusen som utvald kulturlandskap inneber ikkje noko vern eller andre juridiske bindingar, men det er ein føresetnad at kommunen sikrar området på ein tilfredsstillande måte gjennom planar etter plan- og bygningsloven. Det blir sett av årlege midlar til områda gjennom jordbruksavtalen og frå budsjettet til Klima- og miljødepartementet. Kommunen har ansvaret for å forvalte desse midlane og elles koordinere arbeidet med områda, oppretthalde dialogen med statsforvalter og lokale aktørar. Kommunen skal sikre at skjøtsel otiltak er fagleg kvalitetssikra og blir gjennomført i områda jf. årleg tildelingsbrev og verksemds- og økonomiinstruks.

Målet er å sikre kulturlandskapsverdiene i området ved hjelp av langsiktige avtalar om driftsmåte i jordbruket og tilskott til ekstra skjøtelses-/vedlikehaldsoppgåver og tiltak for å setta i stand bygningar, kulturminne, biologiske verdiar og landskap. Grunneigarane skal m.a. få tilbod om årlege tilskott til drift og skjøtsel. Avtalane skal og bidra til å støtte og utvikle jordbruksdrifta i området.

Denne versjonen avløyer den førre forvaltningsplanen for 2016-2020. Første plan vart laga 2008 og revidert i 2010. Denne utgåva er ei oppdatering for å samsvare med Forskrift om tilskott til Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordland frå 01.01.2020.



skap

¹ Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Oppland. Fylkesmannen i Oppland rapport 1/94, miljøvernavdelingen. ISSN 0801-8367

² Verdifulle kulturlandskap i Norge. Del 4 - Sluttrapport fra det sentrale utvalget for nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Direktoratet for naturforvaltning 1994. ISBN 82-7072-138-7

³ Godkjenning frå Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet av forslag til 20 utvalde kulturlandskap i jordbruket 25.3.2009

⁴ Utvalgte kulturlandskap i jordbruket. Endelig rapport frå Statens landbruksforvaltning, Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning, 1.7.2007

Status for området

Nordherad er eit aktivt jordbruksområde i den sørvendte lia på nordsida av Vågåvatnet vest for Vågåmo, godt synleg frå riksveg 15 på sørsida av vatnet. Hovudgrenda strekker seg frå 362 moh. (vassflata) og opp til drygt 700 moh. Gardsbruka ligg i hovudsak fordelt på to "etasjar", den eine ned mot vatnet og den andre opp mot utmarka. Mellom desse to nivåa er det bratte lier med beitemark og skog. På ca. 900 moh. ligg dei to setergrendene Nørdre og Søndre Nistingen. Området ligg i eit stort overordna landskapsrom der Bukkehaugen og Kvarbergåsen avgrensar rommet mot nord og aust. Mot sør og vest er det Vågåvatnet og skoglia/fjellpartiet på motsett side av vatnet som er avgrensinga.

Tilnærma alt jordbruksareal er i drift, sjølv om noko av arealet med innmarksbeite er prega av lite bruk eller lågt beitetrykk. Om lag 60 % av jordbrukseigedommane er i sjølvstendig drift, og om lag 2/3 av desse har grovforetande husdyr. Arealformålet for Nordherad er LNF-område, med unntak av to bustadområde som er regulert ovanfor Midtli og på Kvarbergåsen. Heile området er vist som omsynssone for kulturmiljø. Dessutan er naturreservat, freda gardstun, automatisk freda kulturmiljø og svært viktige naturlokalitetar frå Naturbase vist som eigne omsynssoner.

Området er godt kartlagt når det gjeld karplantar, lav og beitemarksopp, seinast gjennom omfattande kartlegging av verdifull kulturmark 2007 på oppdrag frå Fylkesmannen i Oppland og Oppland fylkeskommune. Området har og tidlegare vore mye besøkt av biologar. Ei oversikt over sentrale, publiserte kjelder finst i Larsen 2007 (sjå neste side). Innanfor området er det to naturreservat (kalkfurskog) der mye areal er prega av beitebruk. Kommunen har forvaltningsansvaret og har i fleire år arbeidd med skjøtselstiltak.

Ein stor del av den eldre bygningsmassen er registrert i SEFRAK-registeret, og dei mange freda bygningane har ein god kunnskap om. Skålgropfelt og gravhaugar er registrerte av arkeologar og vassvegar og kleberbrot er kartlagde lokalt. I 2014 vart det gjort ei vegetasjonshistorisk analyse av ei pollenprøve frå myrjord på Kvarberg med støtte frå UKL-midlane. Her vart det m.a. påvist dyrking av rug ca. år 300.⁵ Kjende kulturminne er i hovudsak gjort greie for i rapportane frå Oppland fylkeskommune 2004 og Kvarberg 2005 (sjå side 8).

Det er fortsatt eit stort behov for å kartlegga/dokumentere landskapsverdiane i grenda. Det gjeld t.d. insekt, mosar og andre organismar knytt til dei spesielle jordbunns- og klimatilhøva. Det er og behov for å oppdatere kunnskapen om areal med biologisk mangfald, som stort sett er kulturpåverka og kan endre seg raskt. Spor av tidlegare busetting og jordbruk er generelt dårleg kjent, som t.d. tufter, fossile åkrar/røyser. Steingjerde, rydningsrøyser og liknande er dårleg kartlagt og til dels feilplassert på kart.

Med bakgrunn i at ein stor del av den eldre bygningsmassen (før 1950-1960) ikkje er SEFRAK-registrert (m.a. fordi berre hus eldre enn 1900 vart registrerte), vart det gjennomført ny registrering av bygningar i Nordherad 2016-17. Registreringane vart gjort i regi av Gudbrandsdalsmusea as, og er ein del av kulturminneplan for Vågå kommune.

Det er samla inn mange gamle bilete av gardstun og landskap, og mange av desse er tilgjengelege på internett (Digitalt museum, Galleri Nor) og i Riksantikvarens bildebase, Oppland fylkeskommunes bildebase og Nasjonalbiblioteket (negativ frå dei eldste utgåvene av Norske gardsbruk som ikkje er digitaliserte). Andre er samla lokalt i regi av Nordheradsprosjektet/historielaget og er tilgjengeleg nettsida til Vågå historielag. Mange av bildemotiva vart fotografert opp att av Norsk institutt for skog og landskap i 2014⁶. Det er fotografert mye i samband med arbeidet med utvalde kulturlandskap, sjå side 19. I 2010 vart området LIDAR-skanna (10 pkt/m²) med finansiering frå UKL-midlane. Lokale

⁵ Høeg, Helge I. 2014: Pollenanalytiske undersøkelser i Vågå og kommunene rundt

⁶ Puschmann, O. 2014: <https://www.fylkesmannen.no/Oppland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak-i-jordbruket/Nordherad---utvalgt-kulturlandskap-i-jordbruket/Nordherad-i-endring---bilder-fra-for-og-na/>

namn på jordstykke, plassar, tradisjonsstader m.m. er registrert tidlegare i regi av kommunen og finst samla på eit kart som er lagra på grendehuset Midtli.

Verdiar

Naturverdiar

Området har eit svært stort mangfald av ekstensiv og biologisk rik kulturmark i innmark og utmark. Innanfor området er det ei veksling mellom bratte skråningar med beitebakker eller lauv-/furuskog, og kupert og flatare terreng dominert av dyrka mark og gardstun. Landskapet er i stor grad ein mosaikk av tørre «einerbakkar», hagemark, mindre lauv- og furuskogsområde og flatare område med dyrka mark. Ein fagrapport⁷ frå 2007 gir detaljert oversikt over naturverdiane og viktige lokalitetar. Mange botanikarar har besøkt Nordherad gjennom åra, og ein rapport frå 1999 har m.a. artslistar frå ein del prøveflater.⁸

Den typiske og sjeldne tørketålande vegetasjonen i Nord-Gudbrandsdalen er spesielt velutvikla i dette området, og karplante-/lavfloraen knytt til baserike tørrbakkar er karakterisert som internasjonalt verneverdig. Det er påvist 80 område med spesielle naturverdiar fordelte på 9 ulike naturtypar, svært høge tal for eit så avgrensa geografisk område. Det er særleg store naturverdiar knytt til naturbeitemark. Andre naturtypar (jf. DN-handbok 13-1999) som er representerte er hagemark, beiteskog, artsrike vegkantar, kalkskog, rikmyr, sørvende berg/rasmarkar og hekkeplass for regional raudlistear.

Det er registrert heilt eller delvis kulturskapa biologisk mangfald på ein stor del av totalarealet i grenda (totalt ca. 1500 daa). Arealet med biologisk viktig naturbeitemark i god eller delvis god hevd er stort. I tillegg er den nære utmarka ovanfor jordbrukslandskapet prega av beitebruk. Eit så stort omfang og sterk konsentrasjon av beitepåverka, ekstensiv kulturmark er ein tilleggsverdi i tillegg til den verdien dei enkelte registrerte lokalitetane har. Det samanhengande, opne/halvopne landskapet frå dalbotnen og opp til fjellet er og viktig for spreiding/utveksling av artar. Delar av området har og ein rik mosaikk av ekstensiv kulturmark, skog, kantsonar og vegkantar. Attgroingsartar som einer, furu, hengebjørk og gråor er til dels i sterk frammarsj. Totalintrykket av Nordherad er likevel eit levande kulturlandskap der store areal fortsatt blir halde i hevd med beite.

Naturreservata Sandehorten og Vistehorten, begge oppretta i 1993, ligg innanfor området. Formålet med vernet er å bevare ekstremtørr kalkfuruskog med sjeldne lavartar. Naturverdiene er delvis skjøtselsavhengige og knytt til lysopne tørrbakkar (tidlegare beiteområde og dyrka mark). Skjøtselsplanar for reservata vart utarbeidd i 2003, og kommunen har forvaltningsansvaret.

⁷ Larsen, B.H. 2007. Naturverdier i nasjonalt verdifulle kulturlandskap. Nordherad i Vågå kommune, Oppland. Revidert rapport etter ny røddliste, ny avgrensning og supplerende registreringer i 2007. Miljøfaglig Utredning rapport 2007-44. ISBN 978-82-8138-246-6

⁸ Holten, J.I. 1999: Biologisk mangfold og foreslåtte tiltak for bevaring av mangfoldet og kulturlandskapet i varme/tørre områder i Nordherad i Vågå kommune, Oppland



Kulturminneverdiar

Her viser vi til fagrapportane ^{9 10 11}for meir detaljert oversikt. Funn av steinøkser frå steinalderen vitner om at dei fyrste jordbrukarane valde å slå seg ned her alt då, og det finst fem registrerte skålgropfelt. Gardsnamn og tre gravhaugar i området indikerer nydyrking og auka busetting i jernalderen. Det er og kjent ei rekke funn frå jernalderen og middelalderen. Ved Sygard Valle var det ein middelalderkyrkjegard og har sannsynlegvis stått ei kyrkje.

Ein vesentleg del av kulturlandskapsverdiane i Nordherad knytter seg til det store volumet av verneverdige landbruksbygningar. Grenda har ei rekke flotte bygningsmiljø i form av gardsanlegg, seteranlegg og rydningsplassar med hus frå 1700- og 1800-tallet. Karakteristisk for området er at bygningane dannar tydelege tun i kulturlandskapet, og at det i tillegg til bustadhus fortsatt er bevara mange mindre uthus med ulike funksjonar. Dei mange rydningsplassane i statsallmenningen illustrerer dei store sosiale skilnadene i grenda. Det er og eksempel på bureisingsbruk. Dei fleste bygningane er i lafta tømmer.

Det er totalt 38 freda bygningar fordelte på seks gardstun. Dette er blant dei eldste og største gardane i området. Utanom dei freda bygningane er det ca. 170 SEFRAK-registrerte gardsbygningar og 14 SEFRAK-registrerte seterbygningar innanfor området. Minst 25 av desse bygningane er rivne/flytte eller heilt/delvis nedfalte, og 8-10 er vesentleg ombygde. SEFRAK-registeret gir ikkje ei fullgod oversikt over bygningar med bevaringsverdi. Dette skuldast både mangelfull registrering og at kriteriet om alder (eldre enn 1900) ikkje gir ei god oversikt over alle bygningar med faktisk bevaringsverdi.

I regi av Gudbrandsdalsmusea as gjorde Håvard Syse registreringar på/av 55 gardstun i Nordherad i 2016-2017. Tun og bygningar vart registrerte og gjeve verdi for verneverdi. Rapporten inngår som del av kulturminneplan for Vågå kommune.

Innanfor Nordherad er det mange lokalitetar som det knyter seg tro og tradisjon til, i tillegg til ei rekke kulturminne frå nyare tid som «ulvegrava» (dyregrav for ulv), vassveiter, eldre ferdselsveggar og kleber- og skiferbrot. Det er og registrert eit jernvinneanlegg.

Heilskapleg landskapsverdi

Området er eit stort og heilskapleg jordbrukslandskap der moderne inngrep eller påverknad i nyare tid ikkje dominerer. Den blågrøne vatnspegelen til Vågåvatnet er og eit viktig element i landskapet, og det er kort avstand frå strandlinje til snaufjell. Både landskapsbiletet som heilskap og mange delområde gir sterke visuelle opplevingar, og det er svært godt synleg frå riksveg 15 på den andre sida av Vågåvatnet.

Eit særtrekk ved området er at bygningane i hovudsak er samla i store, tette gardstun og at det er lite spreidd busetnad mellom tuna. Gardstun og dyrka mark ligg i to "etasjar" i landskapet, og den dyrka marka ligg stort sett samla på desse to terrengnivåa. Mellom dei er det eit brattare, grunnlendt parti som delvis er skogkledd, delvis er berg og skrinn beitemark med mye attgroingsareal. Ovanfor den øvre gardrekka går landskapet gradvis over i skogsmark og flater ut mot fjellpartiet innanfor.

Området har mange element og strukturar som viser samanhengen mellom landskapet og den tradisjonelle bruken av det (gardstun, setermiljø, innmark og utmark, rydningsrøyser, gamle stigar og vegfar, vassveiter, jernframstilling, bergverksdrift, fangstanlegg, steinmurar.). Det illustrerer og dei sosiale skilnadene i bygdesamfunnet på 1800-tallet med storgardar, husmannsbruk og rydningsplassar, på 1900-talet og bureisingsbruk.

⁹ Kulturminner i nasjonalt verdifulle kulturlandskap. Nordherad. Kulturhistorisk rapport nr. 4-2004. ISSN 1550-5390. Oppland fylkeskommune 2004

¹⁰ Kvarberg, A. 2005: Kulturminneregistrering i Nordherad

¹¹ Kulturminner i Nordherad (opplisting av kulturminne i dei to rapportane ovanfor og ein del andre kulturminne). Nordheradsprosjektet 2005

Kontinuitet og tidsdjup

Området har stor variasjon og tidsdjupn, med mange biologiske og kulturhistoriske verdiar skapt gjennom tradisjonell drift over lang tid. At det har vore busetting i området i lang tid viser seg gjennom gjenstandsfunn, hustufter, stadnamn, gravhaugar og skålgroper, men og lokalitetar som det knyter seg hendingar, tru og tradisjon til. I området finst og kulturminne frå gamal utmarksbruk som slagge frå jernframstilling og klebersteinbrot. I dag er området prega av dei flotte bygningsmiljøa frå 1700- og 1800-talet. Dei mange små uthusa med ulike funksjoner som t.d. smie, kvernhus, utløer og tørrstugu er og spor av driftsformer som har vore i bruk over lang tid.

Området er til dels dominert av gamal kulturmark halden i hevd med beiting, areal som kan ha svært lang kontinuitet som permanent, kulturskapt grasmark. Det har og mange kulturminne knytt til jordbruk som rydningsrøyser, steingjerde, vassveiter, gamle stigar og vegfar. Det er og restar etter gamle kjøkken- og frukthagar innanfor området. Tradisjonsboren kunnskap om bruken av landskapet er fortsatt bevara i den eldre generasjonen.



Representativitet og særpreg

Nordherad er representativt for dei nedbørfattige områda med rik berggrunn/jordsmonn i dei øvre dalbygdene i Oppland og ved at det er prega av aktiv bruk av ekstensiv beitemark. Bygningsmiljøa, tunforma og byggeskikken i området er og representativ for regionen.

Området er særprega ved å ha eit spesielt rikt artsmangfald, spesielt plantar og lav knytt til tørkeutsett og svært baserik jord. Konsentrasjonen av gardstun og setermiljø med røtter i 1700-1800-tallet, med mange små hus for ulike funksjonar, er større enn det som er vanleg i regionen.

Formidlingsverdi

Området er godt eigna for forskning, formidling, friluftsliv, natur- og kulturopplevingar, m.a. ut frå følgjande kjenneteikn:

- Eit variert landskap med tydelege historiske strukturar
- Kulturminne frå forskjellige tidsperiodar
- Eit stort nettverk av vegar, geiler og stigar, og lett åtkomst frå bilveg.

Området har dei seinare åra vorte aktivt tilrettelagt for friluftsliv/rekreasjon og reiseliv (rydding, merking og skilting av stigar og gamle veger og kulturminner, overnattingstilbod). Området har og stor verdi pedagogisk og for forskning med store moglegheiter for god formidling av landskapsverdiar og tradisjonar. Det har og ein viktig kulturell posisjon lokalt/regionalt i kraft av estetiske kvalitetar, tradisjon og bruk. Nordherad har vore eit sentralt referanseområde for gamal austnorsk byggeskikk.

«Heilskapleg formidling av kulturarven i Nordherad», forprosjekt 2017-2018:

Hovudmålet for prosjektet «Heilskapleg formidling av kulturarven i Nordherad» var følgjande: *«Prosjektet skal gi et fundament for å tilrettelegge kulturlandskapet i Nordherad som et besøksmål med nasjonal verdi basert på en heilheitlig formidling av kulturarven».*

Det var definert tre delmål for forprosjektet:

1. *«Dokumentere og vurdere status for kunnskap om kulturminner i området samt tidlegare gjennomførte tiltak for formidling og tilrettelegging av kulturarven i det nasjonalt utvalde kulturlandskapet Nordherad».*
2. *«Greie ut kvar det manglar kunnskap og korleis supplerande registrering og digitalisering av informasjon om kulturarven i området kan gjennomførast».*
3. *«Gi tilrådingar om prinsipp for framtidig tilrettelegging/skilting og om digitale og andre kanalar for formidling av områdets kulturhistorie».*

Riksantikvaren imøtekom søknaden same året.

Forprosjekt la fram følgjande forslag til tiltak:

- Utvikle tydelege og salgbare produkt
- Vidareutvikle/forbetre Ulvestigen
- Vidareutvikle/forbetre turstigen Vågåmo-Kvarberg-Lindalen
- Leggje opp ei Scenic route, ein bil-/sykkeltur rundt Nordherad
- Infopunkt om Nordherad i Vågåmo sentrum
- Utvikle og gjennomføre ein kommunikasjons- og marknadsføringsstrategi for Nordherad
- Lage info og marknadsarbeid
- Utvikle Visitnordherad.no
- Lage infomateriell
- Lage marknadsmateriell

Forslaga til tiltak i rapportane frå forprosjektet vart diskutert på eit grendemøte. Der var det semje om å prioritere oppgradering av kulturstigen som blir kalla Ulvestigen. Det vil seia å følgje fleire av tilrådingane frå grafisk formgjevar Morten Løwe i Løwehjerte Design, både når det gjeld startpunkt med parkering og skilting/informasjon lang stigen:

- betre tilrettelegging start- og slutt punkt med sitje-/infopunkt
- erstatte dagens infotavler med nye infoskilt (låg type) i ein sirkel rundt sitjeplassen
- nytt skilt i samsvar med skiltmalen
- forbetre sitjeplass i tilknytning til parkeringa.
- nye infotavler som har brukarfokus på innhaldet.
- merke Ulvestigen i samsvar med Merkehandboka, gjere det tydeleg kva som er en del av naturstigen og eventuelt utelate andre skilt

I tillegg må sjølve stigen utbetrast, slik at den blir breiare og sikrare på nokre strekningar.

Hovudattraksjonen lang Kulturstigen er ei ulvegrav som ligg inne i eit inngjerda beiteareal for ammekyr med kalvar. For å unngå konflikter mellom beitedyra og turgåarar, er det nødvendig å lage ein geile (dvs. ein passasje med solid gjerde på baa sider) ned til ulvegrava og vidare gjennom hamninga. I tillegg må vi lage ein passasje/undergang som gjev dyra tilgang til beitearealet på baa sider av geilen.

Den «stutte» delen av Ulvestigen er nå merkt med skilt i samsvar med den nasjonale skiltmalen og informasjonskilt i samsvar med ein eigen mal for UKL.

Det er også sett opp gjerde rundt ulvegrava, slik at turgåarar ikkje kjem i konflikt med ammekyr på beite.

For å gjera det mogleg å koma seg sikkert vidare langs kulturstigen, som Ulvestigen er ein del av, skal det også lagast ein geile gjennom heile ammekuhamninga i Åbakken. Den skal også gjerast til vårs.

I tillegg skal litt utsette parti av Ulvestigen utbetrast.

Nordherad er også med på eit pilotprosjekt som skal utforme/utvikle informasjons- og karttavler for UKL-område. Den grafiske utforminga er ferdig. Til våren skal det setjast opp tre slike tavler, ei ved Jutulheimen, ei i Vanglandet og ei på parkeringsplassen ved starten av Ulves

Jordbruk og busetting i Nordherad

Areal, eigedommar og innbyggjarar

Totalarealet i området er ca. 21 kvadratkilometer. Av dette er ca. 3000 daa dyrka mark, 2500 daa innmarksbeite, 14700 daa skog og utmark, ca. 200 daa vatn og ca. 300 daa utbygd areal, vegar etc. Det er 58 landbrukseigedommar med eit snittareal på 92 daa jordbruksareal. Dei største eigedommane har 150-200 daa dyrka mark og 250-300 daa innmarksbeite. Mange av gardane har i tillegg jordbruksareal på setrer i Sjødalen, som ikkje er rekna med her.

Det er 34 bustadeigedommar som ligg spreidde og i mindre klynger, i hovudsak langs Øvre Nordheradsvegen og Midtlivegen. Eit nytt bustadfelt er under etablering på Kvarbergåsen. Det er om lag 250 innbuarar i grenda, og av desse bur kanskje halvparten på landbrukseigedommar. I seterområda Søre og Nørdre Nistingen er det til saman fem setrer der det står att bygningar. Det er 28 registrerte fritidseigedommar i grenda.

Forsamlingslokalet, Midtli, er viktig forsamlingsstad i grenda. Midtli har gjennomgått oppgradering dei seinare åra, med m.a. nytt el.-anlegg og bakstrom.

Jordbruksdrift

Bygda er i aktiv drift, basert på eit variert husdyrhald. Bruksstorleik, terreng og berggrunn gjør det til dels krevjande å drive rasjonelt jordbruk. Mye av den dyrka jorda ligg likevel i relativt store og godt arronderede teigar. Beitebruken er avgjørande for utnytting av areala, samtidig som ein del beiteareal fordi dei er bratte, berg- og tørrlendte og har liten biologisk produksjon er i mindre aktiv bruk. Ekstra innsats og ressursar retta mot skjøtsel av kulturmark kan og støtte opp om utsette gardsbruk og driftsmåtar.

Det var 30 jordbruksføretak med driftssenter innanfor området som søkte produksjonstilskott i 2020. I 2008 (året før bygda fikk status som utvald kulturlandskap) var det 33 føretak som søkte produksjonstilskott.

Fordeling på former for husdyrproduksjon:

År	Mjølkeku	Mjølkeku + sau	Amme-ku	Mjølkeku + ammeku	Ammeku + sau	Sau	Sau + mjølkegeit	Mjølkegeit	Ammegeit	Tal føreta husdyr
2008	13	3		1	0	7	1	1		26
2015	7	3		1	1	7	1	1		21
2020	6	2	5	3	1	8	1	1	1	28

To setergrender ligg innanfor området, Søre Nistingen med setrer for Nigard Sveum og Bergegardane og Nørdre Nistingen med setrer for gardane Trælviken, Grev og Grevrusten. Det er ikkje noko drift på Nørdre Nistingen, medan det meste innmarka på Søre Nistingen blir hausta. Fram til ca. 2010 var det mjølkeproduksjon på setra til Nigard Berge.

Allmenning og utmarksbruk

Det meste av utmarksarealet vest for Valbjør/Viste ligg i Nordherad bygdeallmenning eller er statsallmenning. Bygdeallmenningen ligg ovanfor Øvre Nordheradsvegen mellom Valbjør og Veltsetre, men omfattar og ca. 150 daa mellom Valbjør og Viste-gardane (Vistehorten) og ca. 130 daa ved Midtli. Statsallmenningen omfattar utmarka vest for Veltsetre/Sveum.

Utmarka nord og vest for grenda ligg innanfor beiteområdet til Nordherad beitelag, som strekk seg til Skaihøi og Finndalen. Det er noko beiting av utmarksareal innanfor grenda, ved Mork/Ulvsbu og aust for Fellese/Lindalen.

Driftshistorie

Ei vegetasjonshistorisk analyse av pollen frå myrjord på Kvarberg fann dei fyrste spora av jordbruk i større skala i år 200-300. Då vart det dyrka rug, og på same tid dukkar og andre typiske jordbruksvekstar opp og tredekkinga går ned der areal blir rydda for jordbruk.

Heile Nordherads-lia vart for hundre år sidan hausta og beita helt til topps og var nærast snau for trevegetasjon, også i dei brattaste bakkane som no har stor furuskog. Det bratte midtpartiet var i hovudsak beitemark, men det fanst og ganske store husmannsplassar og dyrka mark i denne delen av området. På denne tida vart alle beitedyr sendt ut i utmarka 10. juni, slik at all innmark var freda. Klima og terreng gjorde at beiteområda lett kunne tørke ut på forsommaren.

Korn og potetar vart dyrka på mye av areala som no blir brukt til dyrking av for. Alt areal som ikkje eigna seg til å pløye vart slått med ljå eller slåmaskin. Drifta av innmarka var basert på kunstig vatning, ved at vatn frå fjellet vart ført i veiter ned til bygda, leia i "vatningstrø" (trerenner) ned den bratte lia og fordelt utover jorda i "fera", små vatningsveiter. Det finst fortsatt bevara mye av dei større vatningsveitene frå fjellet, og det er og spor etter "fera" i tidlegere dyrka mark som no blir brukt som beite. Bjørkelauv vart hausta av styvingstrær og brukt som for. I utmarka vart det hausta torv til strø og lav ("måsså") til for.

Etterkrigstida er prega av stadig sterkare mekanisering og at dei funksjonane som var fordelte på mange hus anten forsvinn (t.d. tørking av korn) eller blir samla i større driftsbygningar (fjøs og låve i eitt). Produksjon av gras og anna grovfor til dyra blir i dei seinare tida tilnærma einerådande driftsmåte på areala. Ein må rekne med at ein del mindre åkrar har blitt slått saman og at teigdeler og «skrapslåtter» har forsvunne. Topografi og jord-/berggrunn gjer likevel at eigedoms- og arealstruktur i stor grad har endra seg nokså lite. Store areal med beitemark er oppretthalde, sjølv om mye har grodd att med skog eller er på veg til å bli det.

Spor/rester av tradisjonell drift som er aktuelle å ta vare på:

- Vassvegar/vatningsveiter og spor etter desse
- Tufter etter husmannsplassar/ryddingsbruk
- Gardshagar med bærbuskar og frukttre
- Geiler (fegater)
- Slåttenger
- Torvhesjer i utmarka
- Gamle teigskille og navn på jordstykke (er i stor grad registrert)
- Gamle gjerde (stakitt med grove furustolpar er typisk for regionen, men og skigard)
- Små løer i utkanten av eigedommane (i eitt tilfelle nyrestaurert løe med veggjesje for å tørke rug)

Spesielle utfordringar

Ambisjonane for «utvalde kulturlandskap» er høge i høve til dei avgrensa ressursane som er tilgjengelege. Det ligg mange arbeidsoppgåver i å vera pådrivar for, planleggje og koordinere tiltak, drive kompetanseutvikling, vegleiing, kvalitetssikring og dokumentasjon. Desse oppgåvene er og avhengig av god kompetanse.

Nordheradsprosjektet/grenda har eit svært høgt aktivitetsnivå, både når det gjeld oppgåver som fell direkte inn under UKL-arbeidet og andre lokale tiltak (dugningar, turar, kurs m.m.). Det gjør det krevjande å følgje opp dei nasjonale forventningane om utviklingstiltak og profilering av området og prioritere t.d. mediautspel, offentlege arrangement og natur-/kulturbasert næringsutvikling.

Dei ekstra ressursane som blir tilført området skapar mye aktivitet på kort tid. Det gir på den andre sida utfordringar når det gjeld kvalitetssikring av tiltak og god framdrift og gjennomføring av tiltak.

Lokalt er det eit viktig spørsmål kor føreseieleg ordninga med utvalde kulturlandskap er og om dei økonomiske rammene over tid er tilstrekkelege i høve til behova og forventningane.

En del av grunneigarane har vore lite aktive og involverte i arbeidet med utvalde kulturlandskap. Dette gjeld både aktive jordbrukarar og andre eigarar av landbrukseigedommar som kan ha viktige natur- og miljøverdiar med behov for skjøtsel, vedlikehald og istandsetting. Eigarar av bustad- og fritidseigedommar kan og ha noko å bidra med, men har i lita grad vore involverte i arbeidet.

Sterke sider:

- Aktiv drift av det aller meste av innmarka
- Mange bruk med beitedyr
- Relativt låg gjennomsnittsalder på brukarane
- Sterkt grendesamhald og levande tradisjon for dugnad
- Aktivt foreiningsliv og stor aktivitet i Nordheradsprosjektet
- Ein relativt god arbeidsmarknad i rimeleg pendlingsavstand

Sårbare sider:

- Driftstilhøve med ganske små moglegheiter for rasjonalisering
- Aukande krav til rasjonalisering for å halde oppe lønsemda i jordbruket. Krav om lausdrift.
- Mange relativt små driftseiningar/besetninger
- Mye arbeidsoppgåver i høve til folketal og talet på aktive i jordbruket
- Aktivitet basert på eldsjeler med stor arbeidsbelastning
- Generell folkenedgang i regionen



Overordna føringar

Dei overordna føringane for kva forvaltninga av kulturlandskapet skal rette seg mot, er:

1. Å ta vare på miljøverdiar; biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø og opplevingsverdi.
2. Å halde oppe eit variert og økonomisk berekraftig jordbruk med beitande husdyr
3. Å bruke kulturlandskapet aktivt som grunnlag for verdiskaping og lokal utvikling

På dei neste sidene følgjer sju mål for Nordherad som utvald kulturlandskap. For kvart av desse er det sett opp delmål, status og aktuelle tiltak utanom «kjerneoppgåva» for utvalde kulturlandskap; å gi økonomisk støtte til å skjøtte, halde ved like, setta i stand og gjera tilgjengeleg natur- og kulturminneverdiane.

Heilskapleg perspektiv

Det er ikkje definert noko eintydig mål for området som heilskap, som t.d. å rekonstruere ein autentisk situasjon frå ein spesiell tidsperiode. Arbeidet er retta mot å sikre ein arealbruk som støtter opp om landskapsverdiane, er praktisk mogleg og driftsøkonomisk berekraftig. I tillegg er det viktig å bevare eit utval av bygningsmiljø, sjeldne og sårbare naturverdiar og kulturminne og unngå inngrep og tiltak som reduserer landskapsverdien.

Det er likevel viktig at det ligg heilskapelege vurderingar bak dei tiltaka som blir prioriterte og gjennomførte. Mye av kvaliteten til kulturlandskapet ligg i korleis struktur og element i landskapet heng saman. Derfor er det viktig at tiltak støtter opp om og styrker heilskapen og variasjonen av element i landskapet. Noko av det som ein må ta omsyn til er:

- Plassering av gardstun, busetting og «spesialbygg» i landskapet
- Teigskilje, eigedomsstruktur og spor av tidlegare dyrking og busetting
- Ferdselsårer
- Utsyn og omgivnader rundt freda kulturminne som skålgropfelt og gravhaugar
- Større, samanhengande kulturmiljø, som t.d. setermiljø
- Småbruk, plassar og rydningsbruk
- Felles utmarksbeite
- Samanhengande drag/korridorar frå lågland til fjell

Prinsipp for skjøtsel

Areal med biologisk mangfald, kulturminne og andre landskapsverdiar som er avhengige av skjøtsel, bør vera omfatta av skjøtelsplanar. Det er viktig at skjøtelsplanar utarbeidast i samarbeid med grunneigar og bygger på fagleg kompetanse. Kulturmark med registrert biologisk mangfald er spesielt sårbar og må prioriterast, men planlegging av beitetiltak må sjå alle aktuelle beiteareal i samanheng. Skjøtselen må og sikre kulturminne og at dei blir halde synlege og tilgjengelege der det ligg til rette for det. Planane kan og innehalde tiltak for å rette opp skjemmande anlegg, inngrep og andre element. Areal som krev annan skjøtsel enn beiting må identifiserast og følgjast opp. Det kan t.d. gjelde vegkantar, sørvendte berg/knausar og gamle, daude og døyande tre, spesielt osp/hengebjørk.

Beitebruk vil vera den dominerande skjøtelsmåten. I tillegg er det stort behov for rydding/tytning av buskar og tre, både for å setta i stand attgrodd areal og på areal med vanleg drift. Val av beitedyr, sambeiting/vekselbeite og beitetrykk gjennom vekstsesongen er og viktige element å vurdere. Forskjellige beitedyr supplerer einannan når det gjeld beiteopptak og effekt på attgroingsartar. Samarbeid mellom gardbrukarar med forskjellige beitedyr, ev. med areal som kan brukast i fellesskap, kan gi mindre kostnader til gjerdehald, tilsyn m.m..

Mål for området

1. Eit berekraftig og moderne jordbruk som held jordbruksarealet i aktiv drift

Delmål

- Driftsformer og infrastruktur som gir gode løysingar for driftsøkonomi, livskvalitet og miljø
- Jordbruksdrifta utnyttar dei lokale arealressursane og held i hevd areal truga av attgroing
- Omsyn til landskapsverdiane ved nye bygningar og anlegg

Status

Frå 2008 til 2020 gikk talet på gardsbruk med eigen jordbruksdrift ned frå 32 til 30. Talet på mjølkeprodusentar vart redusert frå 20 til 10 (8 med ku, 2 med geit). Talet på reine ammekubesetningar har auka og er no 5. Antal sauebruk har ikkje endra seg i perioda. Det samla beitetrykket målt i «dyreeiningar» dvs. alle slag beitedyr omrekna til sau/lam har vore om lag likt gjennom perioden. Tilnærma all dyrka mark og innmarksbeite er i bruk, men noko av beitearealet med svakt beitetrykk. Det er utfordringar knytt til beiting av spreidde, små beiteareal og utmark, m.a. når det gjeld gjerdehald.

Drift og driftsmåte er avhengig av vala til den enkelte gardbrukar og dei økonomiske og andre vilkåra jordbruket har. Verkemidlane for kulturlandskapet er ein liten del av desse føresetnadene. Likevel er det viktig at tilskotta til utvalde kulturlandskap støttar opp om eit driftsøkonomisk berekraftig jordbruk i grenda. Beiteareal og bygningsmasse er viktige element i landskapet, samtidig som dei er viktige ressursar i jordbruksdrift. Areal og bygningar med stor landskapsverdi kan likevel vera tungvinte og lite lønsame å bruke i moderne jordbruk. Derfor kan det vera behov for tiltak og støtte som kompensere for desse ulempene. Det kan og vera aktuelt å finne løysingar som gjør driftsulempene blir mindre, t.d. knytt til gjerdehald.

Landbruksveggar, nye bygg og anlegg, lagringsplassar og andre driftsmessige anlegg og tiltak er og viktige for kulturlandskapet. Det er viktig at denne infrastrukturen i jordbruket blir planlagt og etablert på ein måte som tar omsyn til landskapet. Meir rasjonell eller auka produksjon kan føre til at ein må bygge om eller bygge nytt. På den andre sida må ein rekne med at eldre driftsbygningar vil gå ut av aktiv bruk og ikkje forsvare investeringar i vedlikehald i framtida.

Aktuelle tiltak

- Vegleiingssamtale for utvikling av drifta på enkelteigedommar
- Bistand til vurdering av moglege tiltak for ombygging/nybygg
- Bistand til vurdering/planlegging av andre anlegg og inngrep i landskapet
- Kompetanseheving om grovforbaserte driftsformer og beitebruk
- Samarbeids-/leigeavtalar for areal som ikkje er i aktiv bruk

2. Bygningsmassen er i tilfredsstillende stand og aktiv bruk

Delmål

- Driftsbygningar for husdyrhald skal vera i god stand og tilpassa til rasjonell og forsvarleg drift og i samsvar med gjeldande regelverk.
- Bevaringsverdige hus skal ha normalt vedlikehaldsbehov innen 2024
- Freda hus skal ha normalt vedlikehaldsbehov innen 2024
- Omsyn blir tatt til antikvariske verdiar, byggeskikk og landskapstilpassing ved ombygging
- Mangfaldet av bygningstypar og –storleikar blir tatt vare på

Status

Nordherad har 38 freda bygningar, og tilstanden på desse er hovudsakeleg god, men det er fortsatt enkelte bygningar som treng restaurering, jf. gjennomgangen gjort av kulturminneforvaltninga. Det er dessutan 197 bygningar i SEFRAK-registeret (eldre enn 1900), og ein gjennomgang av 119 av desse i 2009-2010 viste at 88 var intakte, 7 ombygde og 24 rivne. Enkelte av dei som er klassifiserte som rivne kan framleis ha ein verdi som gjer dei aktuelle å bygge opp att.

I regi av Gudbrandsdalsmusea, vart det i 2016-2017 gjort ei registrering av tun og bygningar i Nordherad. Registreringane er ein del av Kulturminneplan for Vågå kommune. Planen gjev god oversikt over bygningsmasse i Nordherad, og gjev grunnlag for føringar i hht tildeling av tilskottsmiddel.

Bevaringsverdi heng ikkje berre saman med alder, og mange bygningar som er nyare enn 1900 kan og ha stor bevaringsverdi. Det er viktig at eit representativt utval av dei tradisjonelle landbruksbygningane blir tatt vare på. Nokre bygningar har større kulturhistorisk verdi enn andre, anten i seg sjølv eller som ein del av eit større miljø. Nokre bygningstypar er spesielt sjeldne eller utsette, t.d. finst det berre eitt seterfjøs, to tørrstuguer, tre loft og tre aurbuer i SEFRAK-oversikten. Dei fleste små løene som har ligge spreidde i landskapet er rivne eller har falt saman.

I **perioda 2009-2020** er det gjennomført/ferdigstilt bygningstiltak på 57 bygningar med støtte frå midlane øyremerkte utvalde kulturlandskap. Av desse er 16 driftsbygningar og 41 eldre bygg. Tilsaman er utbetalt vel 4,1 mill kr i tilskott frå UKL til bygningstiltak.

Det er og gitt tilskott til nokre bygningar frå SMIL-ordninga, Riksantikvaren og Norsk kulturminnefond, delvis i samfinansiering med midlane til utvalde kulturlandskap.

Trugsmål mot den verdifulle bygningsmassen er forfall fordi spesialbygningar som løer og aurbuer har gått ut av bruk, at antikvariske verdiar forsvinn ved ombygging og oppgradering og at nye krav til rasjonell drift og driftsvolum krev at ein erstattar eldre bygg med nye. Fortsatt bruk av eldre driftsbygningar med bevaringsverdi kan krevje at ein byggjer på eller byggjer om, noko som kan vera ein økonomisk belastning og setta dei antikvariske verdiane i fare. Brannfare er og eit aktuelt tema.

Aktuelle tiltak

- Informasjon om tilskott/vegleiing til eigarar med bevaringsverdige bygningar
- Kvalitetssikring og vegleiing ved restaurering og ombygging
- Sikre sjeldne/utsette bygningar med lita privat interesse
- Tilpassing av eldre driftsbygningar til nye krav i jordbruksdrifta
- Kartlegging av behov for brannsikringstiltak

3. Tilfredsstillande omsyn til og skjøtsel av biologisk mangfald, landskapsbilete og fellesareal

Delmål

- Kulturmark med nasjonal (A) og regional (B) verdi skal vera i god tilstand og regelmessig skjøtsel med beiting eller andre metodar
- Areal med stort potensial for biologisk mangfald skal vera sett i stand og sikra vidare skjøtsel
- Driftsmessige eller andre tiltak skal vera til minst mogleg skade for areal og landskapselement som er viktige for biologisk mangfald
- Fellesareal, kantsoner og restareal skal vera ryddige og ha tilfredsstillande skjøtsel

Status

Nordherad er prega av stor veksling mellom intensivt drive dyrka mark, dyrka mark med meir ekstensiv drift, innmarksbeite, restareal/vegetasjonsbelte, skog og annan mark med skrint eller ikkje noko jordsmonn. Ein veldig stor del (ca. 40 %) av jordbruksarealet er innmarksbeite, det meste i aktiv bruk, men mye av arealet prega av attgroing med buskar og tre. Store deler av innmarksbeita og noko overflatedyrka areal er klassifisert som «viktig» eller «svært viktig» for biologisk mangfald, til saman ca. 1500 daa. Desse areala er avhengige av fortsatt drift slik at dei ikkje gror att, samtidig som det biologiske mangfaldet er sårbart for gjødsling og andre kultiveringstiltak. Beitebruken held ikkje alle desse areala i god nok hevd og må supplerast med rydding og tynning av buskar og tre. Ca. 1/3 av dei biologisk verdifulle areala ligg innanfor Sandehorten og Vistehorten naturreservat. Fleire av vegkantane langs Øvre og Nedre Nordheradsveg er og klassifisert som biologisk verdifulle og bør skjøttast på ein medviten måte. Det er berre kartlagt ei slåttemark i Nordherad, på Hellelykkja.

Arealet med innmarksbeite som er i svak hevd og har større eller mindre grad av attgroing, er om lag 1100 daa av totalt ca. 2300 daa i grenda. I tillegg er om lag 400 daa anna areal med biologisk mangfald (jorddekt fastmark o.a.) truga av attgroing. Desse tala er sett etter skjøn og ikkje absolutte, men gir eit bilete på utfordringane med å halde landskapet i hevd.

Det må vera ein balanse mellom omsyn til biologisk mangfald, rasjonell beitebruk og effektive metodar for rydding/skjøtsel. På nokre beiteområde der det er registrert biologisk mangfald kan det vera ønske om å auke forproduksjonen ved å gjødsle. Her kan det vera behov for å kartfeste meir detaljert kva areal som har sårbar vegetasjon og kva areal som ein kan gjødsle/kultivere. Tilleggsforing gir lokal gjødslingseffekt og trakkskade (storfe) og må skje på ein måte som tar omsyn til sårbare areal. Hogst/rydding med store maskinar kan vera effektivt, men og gi problem med skader på markdekket og sterk gjenvekst der ikkje beiting eller annan skjøtsel held oppslag i sjakk.

Vegkantar, rasteplassar, kulturmiljø, turstigar og andre areal som er viktige for oppleving av og tilgang til kulturlandskapet krev rydding, vedlikehald, fjerning av søppel og annan oppfølging. Private areal som ligg synleg for ålmenta bør haldast i orden slik at dei ikkje skjemma landskapet.

Aktuelle tiltak

- Realistisk prioritering av areal der attgroinga er viktig å stoppe eller reversere
- Skjøtselsplanar for alle eigedommar med areal som er viktig for landskap/biologisk mangfald
- Fellestiltak og samarbeid for utnytting av beiteareal, t.d. gjerdetiltak
- Innsamlingsaksjonar for fjerning av skrot
- Kvalitetssikring av skjøtsel
- Halde oversikt over endringar i dei viktigaste biologiske verdiane over tid

4. Ferdelsårer og eit representativt utval kulturmiljø i god stand og lagt til rette for ålmenta

Delmål

- Prioriterte kulturminne og -miljø sett i stand og tilrettelagt, med regelmessig vedlikehald/skjøtsel
- Informasjons-/formidlingstiltak retta mot ulike målgrupper og typar av media
- Etablerte stigar/gamle ferdelsårar i god stand, godt merka og med regelmessig vedlikehald
- God åtkomst og tilrettelegging av ferdsel

Status

Det er rydda og merka minst 25 km med turstigar, i stor grad langs gamle råk og ferdelsveggar. Desse blir halde ved like gjennom dugnadsarbeid. Mange stader er det sett opp enkle informasjonsskilt om lokalhistoriske og andre tilhøve. Det er tre parkeringsplassar med direkte tilknytning til stignettet, ved Jutulheimen, Valbjør og Moshuset. Frå Vågåmo sentrum til grensa mot Lom er det samanhengande, merka turstig gjennom grenda. Ved Valbjør og Moshuset er det og sett opp informasjonstavler.

Prosjektet "Heilskapleg formidling av kulturarven" har gjort registrering av stigar og skilt i Nordherad. Prosjektet har og gjeve tilrådingar i høve til vedlikehald/prioriteringar.

Den intakte ulvegrava på Åbakken er rehabilitert og inngjerda og lagt til rette med m.a. eigen stig og skilting frå vegen. Eit felt med skålgroper på Nigard Kvarberg er og tilrettelagt med ein liten parkering og skilting. På Uppigard Visdal er det sett opp skilt ved jernaldertuffer og ein gravhaug i beitemarka, men dette området er mindre tilgjengeleg. Den andre av tre kjende gravhaugar i grenda ligg rett ved parkeringsplassen sør for Valbjør. P-plassen ligg på ei fylling som går inn i sikringssona for gravhaugen og dominerer miljøet rundt haugen. Den tidlegare husmannsplassen Flåten, eigd av Vågå historielag, er restaurert på dugnad. Plassen har ein «rasteplass» under tak, interesserte kan låne nøkkel til stugua der dei finn historisk informasjon, og det er opne hus ein-to gonger i året.

Andre kulturminne som er særmerkte for grenda er dei delvis intakte vassvegssystema frå fjellet og ned til øvre delar av grenda. Det er fire skålgropfelt utanom det som er omtala over, og det finst gamle kleberbrot ved N. Viste, Dalen og S. Nistingen. Det er og nokre plassar knytt til tradisjon, som «Labbestein» ved Sandnes og «Smørsteinen» på Tingsvaet på Nigard Kvarberg. Kulturminna er kartfesta, m.a. har historielaget gått opp og koordinatfesta digitalt mye av vassvegane. Kulturminna som er omtala her er i liten grad skilta og tilrettelagde. Det manglar oversikt over steingjerde, tuffer, spor av tidlegare jordbruk og andre kulturminne i terrenget, og det som er kartfesta av t.d. steingjerde på offentlege kart er til dels feil.

Aktuelle tiltak

- Følgje opp anbefalingar/prioriteringar frå prosjektet "Heilskapleg formidling av kulturarven".
- System for vedlikehald av stigar, skilt og andre innretningar og avfallsinnsamling

5. Ei variert, lokal næringsverksemd som nyttar og utviklar kulturlandskapsverdiane

Delmål

- Husdyrhald som gir meirverdi ved landskapspleie og lokal produktforedling
- Eit variert overnattings- og serveringstilbod med bruk av bevaringsverdige bygningar og lokale produkt
- Produksjon og foredling av kommersielle produkt basert på lokale ressursar og tilhøve
- Varierte opplevingstilbod tilpassa ulike interesser, aktivitetsnivå og grad av eigeninnsats

Status

Jordbruket i grenda er i all hovudsak tufta på beitebasert husdyrhald, og talet på dyr på beite har vore ganske stabilt dei siste åra. Rasjonell utnytting av beiteareala er viktig med tanke på driftsøkonomi og optimalt opptak av beitegras i høve til anna for. Viktige utfordringar her gjeld gjerdehald og tilpassing av beitetrykket (tidsrom for beiting, veksling mellom areal, dyretal, dyreslag). Beitinga må og gi god dyrevelferd og avdrått.

Det blir arbeid lokalt med å bygge opp kompetanse og prøve ut økologisk solbær. Grenda bør ha gode naturgitte tilhøve for slik produksjon, og det er stor etterspurnad i marknaden.

Valbjør har utvikla to eigne merkevarar basert på kjøt/mjølke frå geit (kvitmuggost og spekepølse). Det er ikkje andre eksempel på lokalt basert foredling. Nordheradsprosjektet har etablert eit baksterom til allmenn bruk på grendehuset Midtli, administrert av grendelaget. Ei mogleg satsing kan vera å utvikle dette til eit fullt utrusta foredlingskjøken for lokale matprodukt.

Overnattingstilbod, på Valbjør, men og på m.a. Helle og U. Visdal. Valbjør har i tillegg eit meir omfattande tilbod om servering/selskapslokale og har arrangert fleire forskjellige aktivitetar knytt til kultur- og gardshistorie for gjestar. Det finst nokre små raste plassar og samlings-/festplassen på Tjønneflaten er tilgjengeleg for alle. Ved Vågåvatnet (Dippersanden) er det under planlegging/opparbeiding eit friområde med meir utvida fasilitetar.

Det er elles lite tilbod om tilrettelagde/kommersielle opplevingsaktivitetar, sjølv om det har vore gjort forsøk med faste dagar med guiding. Grenda synest å ha eit aukande tilsig av besøkande som stort sett sjølv må finne fram til attraksjonar og informasjon. Det er laga ei innhaldsrik brosjyre for få år sidan med bilete, informasjon om attraksjonar/tilbod og eit kart over turstigane.¹² Dette kartet og noko annan informasjon finn ein og på www.nordherad.no.

Aktuelle tiltak

- Beitebruk: Sjå mål nr. 1
- Halde fram med å utvikle kompetanse og prøve ut økologisk solbær dyrking
- Vurdere andre produksjonsvekstar som kan vera eigna for utprøving i grenda
- Vurdere annan lokal foredling basert på husdyrproduksjon og vilt
- Etablere permanent/sesongbasert produksjon av heimebakst for sal
- Utvikle opphalds- og opplevingspakker tilpassa aktuelle målgrupper
- Gjera informasjon om natur- og kulturtilbodet lett tilgjengeleg gjennom fleire media

¹² Nordheradsprosjektet m.fl. 2009: Nordherad – opplevingar heile året

6. God profilering og dokumentasjon av det utvalde kulturlandskapet

Delmål

- Områdestatusen lett synleg ved åtkomst til og ferdsel i grenda og godt kjent i Gudbrandsdalen
- Aktuell informasjon om grenda lett tilgjengeleg på nett
- God dokumentasjon av tiltak som blir gjennomførte ved fotografering og overvåking
- God og tilgjengeleg kunnskap om jordbruks-/busettingshistorie og immateriell kulturarv

Status

Det er ingen markering av området som utvald kulturlandskap langs riksveg 15 eller i Vågåmo sentrum og heller ikkje der ein kjem inn i området. Slik informasjon står saman med annan informasjon på informasjonstavler ved Valbjør og Ulvestigen (Nasjonalparkriket reiseliv). Den grafiske profilen for utvalde kulturlandskap er ikkje brukt på skilt/tavler. Det er heller ikkje informasjon om området på heimesida til Vågå kommune og i liten grad i reiselivsmateriell/-nettsider. Området er til ein viss grad kjent som eit omgrep i Gudbrandsdalen gjennom tidlegare mediaoppslag, t.d. i samband med at det fekk statusen som utvald kulturlandskap og på same tid fekk den nasjonale kulturlandskapsprisen i 2009. Dei siste åra har det derimot vore heller lite mediaomtale.

Heimesida til Nordheradsprosjektet inneheld noko aktuell informasjon, men er lite nyhendeorientert og gir ikkje generell oversikt over området. Ei slik dugnadsbasert nettside kan heller ikkje forventast å vera ein oppdatert og fullstendig informasjonskanal. Fylkesmannen i Oppland har ei temaside om Nordherad med ein del nøkkelinformasjon, litt nyhende og meir forvaltningsrelatert informasjon.

Det vart etablert 17 «observasjonsflatar» på 50 x 50 meter på beitemark på åtte eigedommar med avtale om årleg skjøtsel i 2011 og 2013. Her er det tatt bilete og registrert tilstand for vegetasjon, beiting og tre-/buskdekning. Registreringane er tenkt gjort opp att med nokre års mellomrom.

Norsk institutt for naturforskning og Naturhistorisk museum, Oslo, har eit overvåkingsfelt med småflatar i beitemarka på Mo frå 2011. Halvparten av flatene er rydda for buskar/tre, medan resten skal ligga ubehandla. Vegetasjonen er kartlagt kvart år 2011-16. Grunneigarane står for ryddinga.¹³

Mange bygningar som det er gjennomført tiltak på, er dokumenterte med bilete av situasjonen før og etter, men dette er ikkje gjennomført systematisk og med likt fotostandpunkt. Utanom på observasjonsflatene har det heller ikkje vore systematisk fotografering av planlagde ryddetiltak etc.

Mye lokalhistorisk informasjon, gamle bilete og tradisjonsstoff er samla og publisert i Jutulen, medlemsheftet til Vågå historielag. Historielaget har og digitalisert mange bilete frå grenda og lagt ut på nett. Kart over vatningsveiter og rapport om pollenanalyse ligg på nettsida for Nordherad.

Aktuelle tiltak

- Informasjonstavler med UKL-logo i grenda og tilvisingsskilt frå riksveg 15
- Følgje opp planen for heilskapleg formidling og skilting
- Opne arrangement med aktivitetar og opplevingar for besøkande
- Fotografering og publisering av bilete av gjennomførte tiltak
- Samle historiske og nyare bilete på nett (bl.a. bilete refotografert av O. Puschmann)
- Publisering av informasjon om miljøverdiar, nyhende, aktivitetar m.m.
- Besøksinformasjon på nettbaserte plattformer
- Forsøksflatar, observasjonsflatar, fotografering og analyse av flyfoto

¹³ Bratli, H. og R. Halvorsen 2014: Vegetasjonsøkologiske undersøkingar av gjengroing og restaurering i semi-naturlig eng i Nordherad, Vågå kommune, Oppland. NINA Rapport 1047. ISBN 978-82-426-2663-9 / ISSN 1504-3312

7. God lokal mobilisering, organisering og utvikling av grenda

Delmål

- Ein fungerande organisasjon for grunneigarar/innbuarar som driv jordbruk eller deltar i annan aktivitet retta mot drift og skjøtsel av kulturlandskapet
- Tilbod om informasjon, kompetanseheving og å få vurdert og planlagt aktuelle tiltak
- Fellestiltak, dugnadsarbeid og møteplassar/sosiale aktivitetar som styrker grenda og støtter opp om føremålet med utvalde kulturlandskap
- Lokal ungdom som er involvert i og får ansvar for oppgåver og utviklingstiltak
- Involvering av alle med interesse for landskap, grendehistorie/-kultur og det felles miljøet

Status

Nordherad har eit aktivt foreiningsliv med grendelag, 4H-klubb, grunneigarlag og sanitetsforening. Nordheradsprosjektet er ein permanent organisasjon med formål å bevare og utvikle kvalitetane i kulturlandskapet og er samarbeidspartnar for offentleg forvaltning. Han har ingen tilsette, men har leigd inn sekretærbistand på timebasis for oppfølging av oppgåver knytt til utvalde kulturlandskap. Vågå historielag har og hatt mye aktivitet og sentrale medlem knytt til Nordherad, og laget har sterk tilknytting til lokalmuseet Jutulheimen som ligg inntil området.

Arbeidsgrupper under Nordheradsprosjektet har hatt eit sjølvstendig ansvar for t.d. innsamling av gamle bilete og rydding og merking av stigar. Nordheradsprosjektet har og arbeidd mye med å støtte opp om næringsutvikling, m.a. med eit eige utgreiingsprosjekt om tiltak knytt til gardsturisme o.l. i 2010 og arbeidet med økologisk solbær dyrking frå 2013.

Grenda har og mye fellesaktivitetar som turar, dugnadar, ryddeaksjonar, basar, møte med ymse tema og sosiale arrangement. Grendehuset Midtli blir drive av grendelaget og er eit viktig samlingspunkt. Det er og ein utandørs samlings-/festplass med gapahuk m.m. ved Tjønneflaten.

Nokre av dei eldre ungdommane i grenda har fått sommarjobb med rydding av beitemark dei siste par åra. Den lokale 4H-klubben for Nordherad («Jutul'n») involverer mange av ungdommane i alderen 12-19 år. Mye av aktiviteten og dei individuelle årsprosjekta til medlemmane er knytt til landbruksverksemda, og i 2015 sette klubben i stand gjerde og installasjon ved ulvegrava. Klubben har nett innreia nytt klubblokale på grendehuset etter stor eigeninnsats.

Mange grunneigarar, spesielt dei som ikkje er aktive i jordbruket, har vore lite involvert i arbeidet med utvalde kulturlandskap. Det er ei utfordring å gjera arbeidet relevant for fleire, også dei som har kunnskap og interesse for lokal kultur og natur, men ikkje ser at dei har aktuelle fysiske tiltak som er aktuelle på sin eigedom. Nye innbuarar må bli tatt godt imot og få sjansen til å bli involverte.

Bistand til den enkelte til vurdering av tiltak og skjøtelsplanlegging har vorte gitt av den innleigde prosjektsekretæren. Bygningsvernrådsgjevaren ved Gudbrandsdalsmusea har utarbeidd mange tiltaksvurderingar av bygningstiltak med kostnadsoverslag for aktuelle tiltak.

Aktuelle tiltak

- Dugnadar og andre fellesaktivitetar knytt til kulturlandskapet
- Sikre ein permanent lønna støttefunksjon/sekretær for Nordheradsprosjektet
- Tilbod til ungdom i grenda om arbeidsoppgåver knytt til landskap/natur/kulturminne
- Informasjon og annan aktivitet som involverer fleire av innbuarane i grenda

Forvaltning

Økonomiske verkemidlar

Det blir årleg sett av «UKL-midlar» over jordbruksavtalen og frå budsjettet til Klima- og miljødepartementet øymerka dei utvalde kulturlandskapa. Desse blir fordelte på områda i årlege tildelingsbrev til fylkesmennene frå Landbruksdirektoratet. Fordelinga blir gjort i samråd mellom Landbruksdirektoratet, Klima- og miljødirektoratet og Riksantikvaren.

Kommunen sett opp eit årleg budsjettforslag for behovet for midlar i samråd med Nordheradsprosjektet. Forslaget blir meldt inn til Statsforvaltaren. Etter at tildelingsbrevet kjem, blir det sett opp eit endeleg budsjett for året.

Dei øymerka UKL-midlane blir forvalta av kommunen og i hovudsak fordelt på enkelte grunneigarar gjennom avtalar om tiltak, drift og skjøtsel. Tilskott til slike enkelttiltak blir fordelte etter søknad og forvalta i tråd med forskrift om utvalde kulturlandskap og verdsarvområde.

Alle tiltak krev søknad. Alle søknadar var lagt inn i søknadssystemet "Agros" .

Kommunen forvaltar tilskottsordninga for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Føretak som har jordbruksareal der det blir søkt om produksjonstilskott i jordbruket, kan søke om SMIL-tilskott. Både SMIL- og UKL-midlar kan nyttast til tiltak i området.

Dei som får tilskott, forpliktar seg til å følgje dei generelle intensjonane i forvaltningsplanen og dei spesielle vilkåra som gjeld tiltaka dei får tilskott for å utføre. Ein grunneigar kan likevel trekke seg frå ein avtale på kva tidspunkt han vil. Sjølv om ein seier opp avtala, står ein ansvarleg for tilskott som er utbetalt dersom ein har brote føresetnadene for tilskottet.

Tilskott til eingongstiltak blir fordelte etter kriterium som blir vurderte og eventuelt reviderte årleg, av kommunen i dialog med Nordheradsprosjektet. Kriteria kan fastsetta kva type tiltak som skal prioriterast, generelle vilkår for gjennomføring av tiltaka og kor store tilskott ein kan få. Kriteria må vera i tråd med og støtte opp om måla i denne forvaltningsplanen.

Fleirårige avtalar om årleg tilskott til drift og skjøtsel blir gjort med jordbruksføretaka som driv areala etter fastsette kriterium og standardsatsar for avtaleperioden. Slike avtalar blir gjort på grunnlag av at det er utarbeidd skjøttsplan for eigedommen(-e) føretaket driv. Det kan og bli gitt tilskott over fleire år til rydding/istandsetting av areal som er prioriterte i skjøttsplanen til grunneigaren eller brukaren av areala.

Andre verkemidlar

I tillegg til UKL-midlane blir det føresett at andre finansieringskjelder blir nytta, som SMIL-ordninga og eventuelle andre lokale ordningar, Norsk kulturminnefond, Stiftelsen UNI, Eckbos legater, andre fond/stiftelsar, andre midlar frå miljø- og kulturminneforvaltninga, Norsk kulturråd, Norsk kulturarv, fylkeskommunen og bygdeutviklingsmidlar.

Det er ein føresetnad at kommunale arealplanar fastsett arealbruk, retningslinjer og reglar som sikrar verdiane i området så langt det er mogleg etter plan- og bygningslova. Like viktig er det at det blir tatt omsyn til verdiane i dagleg saksbehandling etter denne og andre lover (t.d. jordlova med forskrifter).

Oppgaver, lokal organisering og ansvarsfordeling

Frå og med 2020 overtok kommunane, som ein del av kommunereforma som vart vedtatt av Stortinget i juni 2017, forvaltninga av fleire statlege tilskottsordningar, m.a utvalde kulturlandskap.

Grunneigarane bør i størst mogleg grad involverast gjennom informasjon, tilbod om vegleiing og planlegging av tiltak og ved annan aktivitet som formidlar verdiane i området og inviterer til deltaking.

Oppland fylkeskommune har eit viktig fagansvar på kulturminneområdet og deltar etter behov i dialog om faglege problemstillingar for det utvalde kulturlandskapet. Konkrete enkeltoppgåver på som gjeld kulturminne kan og vera aktuelle å leggja til fylkeskommunen.

Andre organisasjonar som er aktuelle samarbeidspartnarar, er:

- Gudbrandsdalsmusea
- Grendelaget
- Vågå historielag
- Jutuln 4H
- Nordherad bygdeallmenning
- Statskog SF og fjellstyret i Vågå (Nordherad statsallmenning)
- Nordherad grunneierlag
- Vågå Avløysarlag avd. Nordherad beitelag
- Nasjonalparkriket reiseliv
- Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen



Handlingsplan

Det skal utarbeidast ein handlingsplan for oppfølging av forvaltningsplanen. Handlingsplanen skal reviderast årleg og behandlar punkta nedanfor og ev. andre aktuelle oppgåver som kan knytast naturleg til arbeidet med utvalde kulturlandskap:

- Rutinar for/samarbeid om forvaltning av virkemidlane
- Overslag over omfang og kostnader av planlagte/aktuelle tiltak
- Prioritering av arbeidsoppgåver og fordeling av ansvar for oppfølging
- Budsjett for dei øyremerka midlane som blir tildelt området
- Kriterium for prioritering av tilskott til tiltak og storleik på tilskotta
- Tilhøvet til andre prosjekt som vedkjem området
- Næringsutviklingsarbeid

Rapportering frå UKL til Statsforvaltar på standard rapportmal i oktober.

Rapporteringa må vera mest mogleg rasjonell, basert på faste malar og rutinar for å samle informasjon, og tilpassa behova for å følgje opp måla for området.

Det bør definerast indikatorar som kan målast med visse mellomrom for å vurdere effektar av dei tiltaka som blir gjennomførte. Slike indikatorar kan t.d. vera informasjon frå ansvarlege for tiltak, tilskottsstatistikk, kartdata, målingar i felt, fotografering og observasjonar.



Forskjellige oppgåver

Kommunikasjon mellom forvaltninga og området

Det er viktig med jamleg dialog mellom Statsforvaltar, kommunen og Nordheradsprosjektet om forvaltninga av kulturlandskapet. Det bør vera 2-4 møte mellom partane gjennom året for planlegging og oppfølging av oppgåver, utanom annan kontakt etter behov.

Nordheradsprosjektet har hovudansvaret for informasjon til og vegleiing av grunneigarane i grenda. Statsforvalter skal og ha oppdatert informasjon tilgjengeleg på nettsida om forvaltninga av området, m.a. retningslinjer for tilskott og andre føringar som grunneigarane bør kjenne til.

Informasjonskanalar:

- Papir: For å nå fram til alle med informasjon, vil informasjonsskriv og liknande som blir delt ut i postkasser fortsatt vera ein viktig kanal
- Nettsider: Bruk av heimesidene til Statsforvaltar, Nordheradsprosjektet og kommunen slik at nøkkelinformasjon og viktige nyhende er tilgjengelege
- SMS: Meldingar via mobiltelefon er eit supplement til annan informasjon, m.a. for å varsle om nyhende, arrangement etc.
- Facebook: Det er ei Facebook-gruppe for Nordherad der ein avgrensa del innbuarane er medlemmar. Grappa kan vera eit supplement til andre kanalar for å spreie informasjon raskt og ta opp spørsmål ein ønskjer synspunkt på

Kompetanseutvikling, vegleiing og kvalitetssikring

Nordherad bør som eit utvald kulturlandskap fungere som eit føredøme og ein stad som kan spreie kunnskap om korleis en best kan ta vare på og forvalte viktige kulturlandskap. Gjennom kontakt med andre prosjektområde, regionale utviklingsaktørar og ymse fagmiljø har Nordheradsprosjektet fått tilgang til mye kompetanse. Når det gjeld bygningsvern, kulturminne og tradisjonshandverk finst det mye lokal kompetanse både hos grunneigarar, handverkarar og Gudbrandsdalsmusea. Eit meir systematisk arbeid med å samle kunnskap og gjera han tilgjengeleg kan vera ønskeleg og på andre område. Det kan t.d. gjelde skjøtselsmetodar, tradisjonell drift, jordbruks- og busettingshistorie og informasjonsformidling til besøkande.

Grunneigarar bør få tilbod om markdagar, kurs eller andre typar kompetansetiltak som kan vera til nytte for forvaltninga av areal, bygningar og andre landskapselement. Utvikling og overføring av kompetanse kan gjerne skje i samband med gjennomføringa av bygnings- og landskapstiltak. Det må leggjast stor vekt på at tiltak blir gjennomført med god nok kvalitet. Tiltaka må ivareta kulturvern faglege omsyn, omsyn til sjeldant/sårbar biologisk mangfald og meir generelle omsyn til landskapsbilete, omgjevnader og ålmenta.

Istandsetting av bevaringsverdige bygningar og kulturminne som får økonomisk støtte skal vanlegvis skje på grunnlag av ei tilstandsvurdering basert på antikvarisk kompetanse. Tiltak på freda bygningar og freda kulturminne med omgjevnader skal i alle tilfelle vurderast og godkjennast av kulturminneforvaltninga. Det bør og vurderast å stille vilkår om antikvarisk vegleiing under gjennomføring av tiltak. Den tiltaksansvarlege bør få tilbod om gratis vegleiing.

Istandsetting, skjøtsel og andre tiltak i kulturlandskapet elles bør i hovudsak skje på grunnlag av ein skjøtelsesplan utarbeidd etter naturfagleg kompetente vurderingar. For areal med spesielle/sårbare biologiske verdiar må det i alle tilfelle bli sett naturfaglege vilkår for tiltak som får økonomisk støtte.

Informasjon til ålmenta om kulturlandskap, kulturminne og naturverdiar må vera relevant og fagleg haldbar. Det er viktig å kvalitetssikre informasjonstiltak, både ved utarbeiding av innhald og i måten det blir presentert på.

Satsingen «Utvalgte kulturlandskap i jordbruket» er en oppfølging av nasjonale mål om å ivareta kulturlandskapet. Dette er et samarbeid og spleiselag mellom landbruksmyndigheter og miljømyndigheter. Satsingen er basert på frivillige avtaler mellom staten og grunneierne. Les mer på www.landbruksdirektoratet.no.

De første 20 områdene ble valgt ut i 2009. I 2017 ble ti nye områder med i «Utvalgte kulturlandskap i jordbruket». Det er pr. **1. juli 2017 32 områder med i satsingen**. Kartet nedenfor viser hvor områdene ligger (de ti nyeste områdene markert med lysegrønne symboler).

